

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 19.01.2017 kl. 10.00–15.00

Stad: Førde

Arkivsak: 17/00097

Til stades: Berit Rokne (rektor), Kari Kjenndalen (styreleiar), Arvid Hallén, Aina Berg, Gunnar Birkeland, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Roger Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas (observatør), Karin Stormo (observatør), Sondre Johan H Riisøen, Ingrid Moe Albrigtsen, Cecilie Engen Fredheim

**Møtande
varamedlemar:** Ingen.

Forfall: Ingen meldt.

Andre:

Protokollfører: Audun Kjørstad

SAKSKART			Side
Vedtakssaker			
<u>1/17</u>	17/00097-2	Innkalling, styremøte 01/2017	
<u>2/17</u>	17/00638-1	Årshjul for styresaker i 2017, pr. januar	
<u>3/17</u>	17/00612-1	Hovedregler for økonomiforvaltningen ved HVL	
<u>4/17</u>	17/00286-1	Innstilling til mellombels stilling som studieprogramansvarleg, Høgskulen på Vestlandet - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd	
<u>5/17</u>	17/00433-1	Innstilling i mellombelse stillingar som studieleiarar - ny lærarutdanning - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25	
<u>6/17</u>	17/00845-1	Modeller for fagleg organisering, drøftingssak	
Orienteringssaker			
<u>1/17</u>	17/00146-1	Orienteringar til styremøte 01/2017	

Førde, 19.01.2017

Kari Kjenndalen

1/17 Innkalling, styremøte 01/2017

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	19.01.2017	1/17

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner innkallinga til styremøte.

Møtehandsaming

Styreleiar ynskja velkomen til fyrste styremøte ved Høgskulen på Vestlandet, og nytta høvet til å ynskje rektor velkomen til sitt fyrste styremøte.

Styret etterlyste ei tydelegare publisering av styresaker på hvl.no.

Styret etterlyste saka Eventuelt lista opp på sakskartet.

Styreleiar Kjenndalen meldte éi sak til eventuelt: Møtestart for styremøte 02/2017.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

2/17 Årshjul for styresaker i 2017, pr. januar

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	19.01.2017	2/17

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til orientering.

Møtehandsaming

Styreleiar og rektor innleia. Rektor minna om at årshjulet er ei dynamisk og retningsgjevande oversikt, ikkje nokon strikt tidsplan, og at årshjulet vil verte oppdatert til kvart styremøte. Styret kom med innspel.

Styreleiar bad styremedlemene om å vurdere føreslegne møtedatoar (styresak 02/17) for hausten 2017 og melde attende til sekretariatet om det var datoar som passa dårleg. Sekretariatet førebur styresak om møteplan for hausten 2017.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering med dei merknadar som kom fram i møtet.

3/17 Hovedregler for økonomiforvaltningen ved HVL

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	19.01.2017	3/17

Forslag til vedtak:

Styret fastsetter Hovedregler for økonomiforvaltningen ved Høgskulen på Vestlandet i tråd med det fremlagte forslaget.

Møtehandsaming

Styreleiar og rektor innleia. Spørsmål om i kor stor grad desse reglane skil seg frå dei tre tidlegare institusjonane vil administrasjonen kome attende til.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret fastsetter hovedregler for økonomiforvaltningen ved Høgskulen på Vestlandet i tråd med det fremlagte forslaget.

4/17 Innstilling til mellombels stilling som studieprogramansvarleg, Høgskulen på Vestlandet

Unnateke etter offentlegheitslova Offl § 25 fyrste ledd

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	19.01.2017	4/17

Forslag til vedtak:

Saka er unnateke offentlegheita.

Møtehandsaming

Møtet var lukka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Jan Olav Fretland vert tilsett som studieprogramansvarleg for lærarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet, i mellombels stilling i 100 % i tida 1.2.2017 – 31.07.2018 jf. tjml § 3.2a. Dersom Fretland takkar nei til stillinga, vert Jan Helge Kallestad tilsett i stillinga med nemnde vilkår.

5/17 Innstilling i mellombelse stillingar som studieleiarar - ny lærarutdanning

Unnateke etter offentlegheitslova Offl § 25 fyrste ledd

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	19.01.2017	5/17

Forslag til vedtak:

Saka er unnateke offentlegheita.

Møtehandsaming

Møtet var lukka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Britt Randby Theodorsen vert tilsett som studieleiar for lærarutdanning GLU 1-7 ved Høgskulen på Vestlandet i mellombels stilling i 100 % i tida 1.2.2017-31.7.2018 jf. TJml. § 3.2a. Dersom Britt Randby Theodorsen takkar nei til stillinga vert Bodil Kjesbo Risøy tilsett i stillinga med nemnde vilkår.
2. Jan Helge Kallestad vert tilsett som studieleiar for lærarutdanning GLU 5-10 ved Høgskulen på Vestlandet i mellombels stilling i 100 % i tida 1.2.2017-31.7.2018 jf. TJml. § 3.2a. Dersom Jan Helge Kallestad takkar nei til stillinga vert Bodil Kjesbo Risøy tilsett i stillinga med nemnde vilkår. Og dersom Bodil Kjesbo Risøy takkar nei vert Britt Randby Theodorsen tilsett i stillinga med nemnde vilkår.

6/17 Modeller for fagleg organisering, drøftingssak

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	19.01.2017	6/17

Forslag til vedtak:

Prosjektet legg saka fram for drøfting.

Møtehandsaming

Styreleiar og rektor innleia. Bjørg Kristin Selvik orienterte.

Styret signaliserte at dei ynskja ei utgreiing av modell med både tre og fire fakultet. Formål og hensikt kan ivaretakast på ulikt vis, men det viktige er at fakulteta har substans og reflekterer det som er våre mål innan utdanning, forskning og innovasjon. Profesjons- og arbeidslivsprofilen skal vidareførast, og tverrgåande arbeid er eit mål for alle, uavhengig av modell og tal på fakultet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret drøfta saka og tok ho til orientering.

Saknr	Arkivsak	Tittel
1/17	17/00146-1	Orienteringar til styremøte 01/2017

Møtehandsaming

Styreleiar og rektor orienterte.

1. Protokoll frå styremøte 04/2016
 - a. Oppdatert protokoll (delt ut i møtet)
2. Tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet
 - a. Supplerande tildelingsbrev (delt ut i møtet)
3. Oppnemning av styremedlem og vara til Studentsamskipnaden på Vestlandet
4. Oppdatert møteplan for høgskulestyret
5. Arbeid med omstillingshandbok
6. Referat frå ID-møte 16.01.17 (delt ut i møtet)
7. Tilsetting i stillinga som leiar av organisasjonsutviklingsprogrammet (munnleg)
8. Utviklingssamtalar med Kunnskapsdepartementet (munnleg)
9. Styrets arbeidsform (munnleg, lukka møte)

Eventueltsak:

Styreleiar fremja forslag om at styremøte 02/17, planlagt 10.00–15.00 torsdag 16.02, får oppstart kvelden før. Møtetid vert då:

Onsdag 15.02	18.00–20.00
Torsdag 16.02	09.00–15.00

Styret samtykka til dette.